



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Att. Husebye Anita Juul

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høring – endringar i forskrift om skogfond

Fylkesmannen i Rogaland viser til høyringsbrev av 10.06.13 om endringar i § 9 i forskrift om skogfond o.a.

Generelt vil Fylkesmannen hevda at det er positivt med ei meir fullstendig registrering ved omsetning av skogsvirke. Men det er viktig at ekstra registreringar kan gjennomførast kostnadseffektivt og at løysingane er gjennomtenkte ved ulike sortiment og omsetningsformer. Fylkesmannen støttar difor forslaget om å byggja på det eksisterande skogfondssystemet med underliggjande ordningar.

### Kontraksnummer

Dette bør kunna fungera fint i dei fleste tilfelle. Men det bør også finnast gjennomtenkte ordningar der t.d. kjøparen er skogeigaren sjølv eller kjøpar er ein privatperson. Endringsforslaget vil i praksis føra til at omsetning av skogsvirke alltid krev ein skriftleg kontrakt. Det kan vera positivt, men samstundes kan altfor rigide ordningar også føra til større svart omsetning.

### Treslag

Vi har sakna eit betre opplegg for registrering av treslag og ser difor fram til utvida registrering, der det konkrete treslaget blir registrert og går inn i statistikken på same vis som ordinær gran og furu. I skogreisingsstrok har vi mange ulike treslag som er i ferd med å bli økonomisk drivverdige. I enkelte distrikt blir det avverka meir lerk enn furu og meir sitkagran enn gran, men dette kjem i dag ikkje fram i statistiske oppgaver.

### Sortimentsfordelinga

Vi meiner vel at forslaget til sortimentsfordeling, dvs. ingen endringar, er i ferd med å bli forelda. Ordet industrivirke bør kunna gå ut, og virke til ved bør heita energivirke og i tillegg bør også treslag registrerast. Men det er i det heile noko som skurrar ved omgrepa når dei tre første sortimenta er fordelte etter treslag medan det fjerde er definert ved kva virket skal brukast til. Det ville vore ryddigare å la energivirke gå inn i dei tre første sortimenta og med same krav til treslagsspesifikasjon.

Fylkesmannen i Rogaland føreslår difor at sortimentsgruppa 4 under § 9 pkt. 10 går ut. Energivirke (ved og anna biobrensel) blir lagt inn under sortimentsgruppene 1 – 3. Ordet industrivirke blir tatt

ut. Endringane vil ikkje hindra framhald av statistiske oppgåver med same inndeling som før, men vi vil i tillegg få ei inndeling tilpassa dagens forhold.

### **Språkføringa**

Ordlyden i endringsforslaga i forskrifta må korrekturlesast og rettast opp slik at også endringane blir på rett målform.

### **Måleplikt og måleforeining**

Sjølv om den grunnleggjande måleplikta ikkje direkte er tema i endringsforslaget, må likevel endringane kunna oppfattast som ei skjerping av måleplikta. Vi vil difor oppfordra til ein gjennomgang av om måleplikta blir gjennomført slik skogforvaltninga har lagt til grunn, og dessutan om sanksjonssystema er tilstrekkelege i dei tilfella ein måtte komma til at måleplikta ikkje blir etterlevd etter intensjonane.

Som eksempel kan vi opplysa at i Rogaland er ikkje Norsk virkesmåling aktive i måling av skogsvirke. Det er utelukkande kjøpar som står for målinga, og det er i stor grad volummåling utan kvalitetsvurderingar. Kontrollmåling er så langt vi kjenner til heilt utelate. Seljarsida er ofte små, uorganiserte førstegangsseljarar av skogsvirke, og som difor er utan tilstrekkeleg kunnskap om målesystema i skogbruket. Norsk virkesmåling har overfor Fylkesmannen sagt seg uroa over denne utviklinga.

Utover desse kommentarane har ikkje Fylkesmannen i Rogaland merknader til forslaget om endringar i forskrift om skogfond o.a.

Med helsing

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Morten Svanes  
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Morten Svanes  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 74  
E-post: fmromsv@fylkesmannen.no